



Justis- og beredskapsdepartementet

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
RLO	2013/1630	14537/2013	X31/&13	01.10.2013

Melding om vedtak - høyring Politianalyse

Formannskapet handsama høyringa vedk. Politianalyse i møtet 19. september, og gjorde følgjande vedtak:

Formannskapet vedtek uttala til politianalyse
--

Med helsing

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær



--

Arkiv saknr:	2013/1630
Løpenr.:	13359/2013
Arkivkode:	X31/&13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	19.09.2013	13/54

Sakshandsamar: Hans Kristian Lehmann

Politianalyse - høyring

Vedlegg:

NOU 2013: 9 Eitt politi – rustet til å møte framtidens utfordringar

Bakgrunn:

Det ligg nå føre ei ny utgreiing om politistrukturen i Noreg. Uttalefristen er sett til 1. oktober. Rådmannen legg opp til at saka blir drøfta i Politirådet, men at det er Formannskapet som vedtar ei høyringsuttale.

Utvalets oppdrag var bl.a. å gjennomføre ei politianalyse, som skal danne grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av etaten. Analysen skulle peke på framlegg til forbetringar og tiltak for å legge til rette for betre oppgåveløysing og meir effektiv ressursbruk i politiet. For å utvikle eit politi som kan møte framtidens behov tilrår utvalet at det blir gjennomført to reformer i norsk politi; ei strukturreform og ei kvalitetsreform.

- Strukturreforma har til føremål å frigjere ressursar til løysning av kjerneoppgåvene og legge føresetnader for eit kompetent og robust lokalt politi samt robuste fagmiljø og spesialistar regionalt og nasjonalt. Strukturreforma gjer framlegg om endringar i politiets oppgåvesett og ein ny struktur og organisering av politiet.

- Kvalitetsreforma har til føremål å utvikle et kunnskapsbasert og effektivt politi med evne til kontinuerlig forbetring og utvikling. Kvalitetsreforma vil omfatte forbetringar i styring og leiingsprosessar samt forbetringar knytt til kvalitet og prestasjonar.

Nokre av dei sentrale tiltak er:

- Auka prioritet til politiets kjerneoppgåver
- Ei tydeleg nasjonal leiing av politistyrkane
- Tydeligere skille mellom politisk styring og faglig utøvelse

- Færre politidistrikt for å gi større einingar og gjere det mogeleg med større grad av spesialisering
- Færre og større tenesteeiningar for å frigjere ressursar til innsats og beredskap
- Sentral styring av teknologiporteføljen, både når det gjelder utvikling og drift
- Sentralisering av fellesfunksjonar.

Framlegg til uttale:

Vinje kommune meiner at Politianalysen gjev eit for einsidig og negativt bilete av dagens lokale og nære politi. Utvalet er kritisk til dagens politi og politiorganisering, men manglar kritisk analyse av sine egne framlegg.

Vinje kommune meiner at ei eventuell endring i politiets distrikts- og lokalstruktur må basere seg på ein grundigare gjennomgang og vurdering av dei positive verknadene dagens desentraliserte struktur med eit utprega «generalistpoliti» har for førebygging og kriminalitetsnedkjemping. Likeins meiner Vinje kommune at sannsynlege negative effektar av strukturframlegga frå utvalet, må fram i lyset og vurderast grundig før Stortinget gjer vedtak om «kva slags politi» me skal ha. Vinje kommune meiner at Politianalysen har så store manglar og veiksapar at han ikkje er eit godt utgangspunkt for å gjera store endringar i politiorganiseringa.

Vinje kommune frykter at framlegga om sentraliseringsgrep vil kunne føre til eit meir bilbasert og «omflakkande» politi, der tilhøvet til vanlege innbyggjarar, utsette ungdommar og kriminel-le miljø i vesentleg grad blir svekka. Det er ikkje sikkert at dette korkje vil gjeva betre førebygging, betre kriminalitetsnedkjemping eller auka tryggleik for innbyggjarane.

Til nokre av framlegga i Politianalysen

a) Overføring av oppgåver frå politiet til m.a. kommunane:

Overføring av oppgåver innan sivil rettspleie, forvaltningsoppgåver og nokre politimessige oppgåver (til dømes framlegget om at kommunen skal overta ansvaret for overstadig fulle personar) frå politiet til andre, m.a. kommunane, må utgreiast grundig før det blir fatta vedtak om overføring. Kommunane og dei etatane som det er aktuelt å overføre oppgåver til, må involverast i utgreiingsarbeidet. Kostnadene knytte til eventuelle oppgåver kommunane overtek, må bli fullfinansierte frå staten.

b) Ein reduksjon av talet på tenestader frå 354 til ca. 210

Den lokale politistrukturen må sjåast i samanheng med kommunestrukturen. Kommunane representerer grunnstrukturen i den norske velferdsstaten, noko som tilseier at andre statlege tenester bør tilpasse seg kommunens organisering så langt det er tenleg. Når det blir vurdert å endre politistrukturen, må ein leggje stor vekt på den trongen lokalsamfunnet har for eit politi som er til stades. Ei sterk sentralisering vil òg svekkje ordninga med Politiråd. Det er ein føresetnad for politiets deltaking i slike råd at dei har god lokalkunnskap. Den konkrete løysinga må etter Vinje kommunes vurdering bli utforma lokalt i samarbeid mellom politi, kommune og andre relevante samarbeidspartnarar. Politiet og kommunen må inngå forpliktande samarbeidsavtaler lokalt om det lokale tenestetilbodet og om samarbeidet mellom kommune og politi.

c) Politidirektøren skal vedtaka endringar i lokal struktur

Eventuelle endringar i lokal struktur må framleis vedtakast politisk av Regjeringa. Framlegget til endring av politilova § 16 med bakgrunn i framlegget om å overføre fullmakta til politidirektøren, må derfor avvistast.

d) Norsk politi skal organiserast i seks regionar

Vinje kommune meiner at fleire av dagens 27 politidistrikt kan vera for små for å handtere kriminalitetsutfordringane i framtida, og lik eins større kriser/katastrofar. Vinje kommune vil likevel rå ifrå ein modell med berre seks politidistrikt/regionar. Politianalyseutvalet undervurderer kor viktig lokalkunnskapen er for arbeidet i politidistrikta, og kor vanskeleg det er å sentralisere kompetanse. Alternativet er anten ein fylkesmodell med 18 distrikt eller ein «mellommodell» med 10-11 distrikt.

e) Det ungdomsretta førebyggjande arbeidet normerast til minst sju stillingar pr. region (ca. to pr. fylke)

Vinje kommune meiner at handsaminga i politianalysen av det førebyggjande arbeidet i politiet er for grunn. Utvalet maktar ikkje fange opp kva som kjenneteiknar arbeid av dette slaget. Det får heller ikkje fram den verdien det har for det førebyggjande arbeidet i kommunen. Utvalet kjem med eit framlegg til minimumsbemanning pr. region som er helt utilstrekkeleg, om dette er ressursar som skal setjast inn i eit samarbeid med kommunane i politidistriktet. Til dømes vil eit slik framlegg gjera det heilt umogeleg å vidareføre SLT-samarbeidet mellom kommune og politi. Vinje kommune gjer framlegg om at det blir gjennomført ein eigen og langt grundigare analyse av det ungdomsretta førebyggjande arbeidet. Norsk politi må ikkje bli endra utan at dette temaet er grundig handsama.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek uttala til politianalyse
--

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 19.09.2013:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Formannskapet vedtek uttala til politianalyse
--